



Gustav Bergstø – kva opplevde han i Syden? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Laurdag ettermiddag blir det eit heilt spesielt arrangement på Snikkeriet i Rosendal: Uskedeling, fargeklatt og lokalkjendis Gustav Bergstø (86) har vore på Grand Canaria i ni veker saman med sjåfør Arne Vestli (Rosendalstunet) og no kan nokon kvar få sjå og høyra korleis dei hadde det.

Anne Gro Opheim og Sussi Bodin fekk følja dei med kamera ei veke og resultatet blir presentert i ei utstilling av 19 bilete på Snikkeriet. Dei opplyser at veka baud på mange overraskingar og små, fine opplevingar med dei to unike kvinnheringane i hovudrolla.

Og ikkje berre det: Arne Vestli vil synga viser og balladar ved utstillingsopninga, der også hovudpersonan sjølv sagt blir til stades.

Dette var den første ferda som Gustaven nokon gong har gjort til Syden. Hans lengste tur ut i verda tidlegare var til St. Petersburg, men da ” i embets medfør”.

No hadde Gustaven høyrte om pensjonist-turane til Terje Søviknes og tala om dei til Arne, som tente på ideen om ei felles ferd.. Dei leia ein leiligheit av ein venn av Arne frå Buskerud.

Då Gustaven drog gledde han seg meir enn han gruva seg. Han skulle kose seg på stranda og hadde barbera seg slik at han skulle komma heim att solbrun også på toppen!

Den kreative Gustav Bergstø har funne på så mangt i sitt lange liv, mellom anna var han pioner nummer ein innan lakseoppdrettet i Noreg.

– Men eg har aldri hatt økonomisk sans, har han sagt til uskedalen.no.

Av Ola Matti Mathisen